



Odd Christer Solberg
Kallagtunet 27

4085 HUNDEVÅG

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	90146818	2017/4147-5		06.02.2018

Avslag på søknad om utsleppsløyve - 104/50 - Ågotelv

Viser til søknad om utslepp motteke 29.01.18 frå tiltakshavar Odd Christer Solberg. I søknaden vert det søkt om utsleppsløyve av gråvatn frå hytta med innlagt vatn.

Søknaden har vorte nøye vurdert og vi har kome fram til at vi kan ikkje gje løyve til utslepp med innlagt vatn før det føreligg ein vatn- og avløpsplan (VA-plan) for feltet. Vi ynskjer at ei samla vurdering av miljøtilstand og påverknad for å sikre at fortetting i hyttefeltet ikkje fører til fare for helseskade eller helsemessig ulempe. Dette vert støtta av kommuneoverlegen si uttale (sjå vedlegg) som rådar frå å leggje inn vatn i hyttene i feltet før det føreligg ein VA-plan.

Saksopplysingar

I sals annonsen er det lagt vekt på at feltet ikkje er tilrettelagt med blant anna innlagt vatn. Det er vorte kommunisert ut i e-post frå eiendomsforvaltar i kommunen Grethe Sandvik at «*Vatn må hentast i elva som går nord i feltet. Dette er eit hyttefelt, der det er lagt opp til svært enkel standard, og ingen av hyttene har innlagt vatn eller straum*». (Straum er vi kjent med er kome på plass). Dette betyr at hyttene har krane på utsida på hytta som einaste moglegheit slik situasjonen er i dag.

Delegert vedtak 2018/51

Vedtak

Vi har kome fram til at eit utsleppsløyve med innlagt vatn ikkje kan gjevast før det føreligg ein samla kartlegging og vurdering av vatn- og avløp for hyttene i feltet. Vi har lagt vekt på helseaspektet og dei forureiningsmessige ulempene tiltaket kan føre til utan ein VA-plan.

Lovheimel

Forskrift om miljøretta helsevern § 9

Forskrift om begrensning av forureinsing §12-11

Klagerett

Klage over enkeltvedtak kan klagast på etter reglane i *Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker* (forvaltningsloven), og vert handsama i Forvaltningskomiteen. Dersom Forvaltningskomiteen stadfestar det administrative vedtaket, eller avviser klagen, går klagen til Fylkesmannen som klageinstans. Fristen for å klage er satt til 3 veker frå den dato dette brevet vert motteke.

Med helsing

Synneve Skei
Saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Torill Slåke
Jon Harald Kjærland
Glenn André Opland
Grethe Sandvik
Forvaltningskomiteen

Mottakarar:

Odd Christer Solberg

Kallagtunet 27

4085

HUNDVÅG